

Referat SMU Førde Barneskule



Dato/tid:	3. mars 2021 / 18-19:00
Deltakerar:	FAU: Therese Kleiven, Evi Ollikainen, Gunvor Solvik og Øyvind Korsøen (leiar) Skulen: May Helen Midtbø-Norbom, Siv Østerbø, Therese Helland Politisk vald: Leif Olstad (referent)

Nr	Sak	Oppfølging	Ansvar
1	Godkjenning av førre referat Oppfølgingspunkt vart gjennomgått. Punktet for system for informasjon til heimar i klasser med pågåande saker vart kommentert. Skulen ynskjer at informasjon skal gå via vekeplan, som er den primære kontaktflata i kvardagen mellom skule og heim. Det er viktig at denne vert lesen av alle foreldre. Skulen ynskjer ikkje å forplikte seg til fleire kanalar for informasjon. Ein vart samde om at dette kan følgast opp frå tid til anna med at kontaktlærar sender ei påminning i Visma om at vekeplan må lesast. Foreldre melder at det endå er litt å hente på informasjon, spesielt i klassar med pågåande saker og utfordringar.	Rektor tek dette vidare med kontaktlærarane.	TH
2	Barnevakten Dette vert utsatt til opp mot påske då arrangør har meldt at han ikkje kan stille før. Det er planlagt at han vil vitje 3-7. Klasse og ha undervisningsopplegg knytt til nettvett. Samling for foreldre vert arrangert 1-2 kveldar med maksimalt 50 stk i gymsalen.	Siv/Rektor kjem tilbake til når datoane er klare og FAU sender så ut invitasjon. Det hastar å få dette ut slik at invitasjonane kjem ut i høveleg tid..	TH/FAU

<p>3</p>	<p>Folkeparken Ref førre møte så har skulen vorte spurd om å komme med innspel til ny leikepark som skal byggast på indre Øyrane. 5.-7.klasse har fått bidra til å velja kva apparat dei ynskjer i parken. Det ha vore ein demokratisk prosess i lag med elevrådet. 12 apparat vant fram og vart viste fram på møtet. Elevane tykte at dette var veldig kjekt å få lov til å vera med på. Administrasjonen er usikker på om det vert meir deltaking i prosjektet framover.</p>	<p>Dette er ei gladsak som FAU ynskjer at vert delt via skulen si facebook side.</p>	<p>SØ</p>
<p>4</p>	<p>"Ung data" undersøking- status Undersøkinga er no gjennomført. Det er meldt om at det var høg deltaking på undersøkinga. Skulen har fått tilbakemelding om at det var enkelte spørsmål som var vanskelege å svare på. Resultatet vert framlagt for SMU når det ligg føre.</p>		
<p>5</p>	<p>Attraktivt byrom Studio Hug har sendt førespurnad til skulen om å komme med bidrag for å male ein vegg til ein planlagt paviljong i sentrum, ved Kunstmuseet. 1A har takka ja til å delta. Det er planlagt at dette vert utført i løpet av mars. Det er samarbeidsprosjekt med Mo og Øyrane vgs og ein vonar at det kan verte fleire samhandlingsprosjekt framover. Paviljongen er planlagt ferdig i juni 2021.</p>		

6	<p>Om boka Vold i skulen - v/Evi</p> <p>Evi gav ei kort oppsummering av boka i møte.</p>	<p>Det er ønskeleg at alle les oppsummeringa som er sendt ut ilag med møteinnkallinga.</p>	
7	<p>Vold og krenking i skulen- korleis skulen følgjer opp</p> <p>Rektor informerte om at alle tilsette på skulen har gjennomgått kurs i "Skulemiljø og krenkelsar" i regi av Høgskulen i Hedmark og ein har fokus på dette.</p> <p>Foreldre melder at det er ynskjelig at det vert unngått skjermtid under skulematen. Dette for at fleire ungar ikkje klarer å fokusere på å ete skulematen. Lydbøker er betre.</p> <p>Foreldre ynskjer at det vert stimulert til leik i storefri. Administrasjonen melder at dei har fokus på dette, då barneleikar er eit godt alternativ til leikeapparat. Ikkje alle er interessert i fotball og det er ikkje alltid tilgang til bana.</p> <p>Ein ser at Covid har gitt en del avgrensingar som er sakna. Til dømes: Fadderordning, Mosaik, fellessamlingar, utstillingar, etc.</p>	<p>Punktet vert tatt opp igjen i neste møte da foreldra ynskjer fokus på saka.</p>	

	Ein ser fram til at dette kan takast opp att.		
8	<p>Tilsyn v/ Statsforvaltaren (tidl. Fylkesmann)</p> <p>Tilsynet har fokus på korleis ein varslar og undersøker saker. Formålet er å gi UDIR innspel til korleis ein skal føre tilsyn. Tilsette og leiinga vil verte intervjuet. Det er mogleg at elevar også kan verte intervjuet.</p> <p>Det er ikkje lagt opp til at foreldre skal verte intervjuet.</p> <p>Det er innarbeida eit godt avvikssystem i kommunen. Verneombod, tillitsvald og rektor behandlar avvika og varslar vidare ved behov.</p> <p>Kommunale rutinar for §9A-saker kom på plass i mars 2020. Dette var samtidig som Coronautbrotet kom. Dette medførte at desse rutineane først vart tekne i bruk hausten 2020.</p> <p>Det eit offentlig tilsyn og en kan forvente at det kan verte litt mediefokus.</p> <p>Administrasjon har innstilling om at dette tilsynet vil ein kunne lære noko av.</p>		
9	<p>Eventuelt:</p> <p>Neste møtedato er sett til 21.april. Eiga innkalling med tidspunkt og agenda kjem i forkant.</p>	Leiar sender innkalling	ØK